

Landbruksplan for Ulvik herad

2004-2006



VEDTEKE I HST-SAK 39/04 den 23.06.04

Landbruksplanen er utarbeidd av komité for landbruksplan som vart oppretta i HST sak nr 028/03

Innhald

<i>Innleiing</i>	4
<i>Bakgrunn</i>	5
<i>Nasjonal landbrukspolitikk - Landbruk Pluss</i>	6
<i>Status for eining for landbruk</i>	7
<i>Politisk organisering</i>	7
<i>Fag og kompetansemiljø</i>	7
<i>Statistikk</i>	8
<i>Areal</i>	8
<i>Miljøomsyn i landbruksnæringa</i>	9
<i>Infrastruktur</i>	9
<i>Skogbruk</i>	10
<i>Handsaming av lovsaker</i>	11
<i>Jordvern</i>	11
<i>Konsesjon-nullkonsesjon</i>	11
<i>Bu og driveplikt</i>	11
Tiltaksplan for Ulvik herad	12
Hovudmålsetjing i planen:	12
Strategiar:	12
Hagebruk	12
<i>Auke frukt- og bærproduksjonen</i>	12
<i>Vidareforedling av produkt frå hagebruksnæringa</i>	12
Husdyrproduksjon	12
<i>Gjødselhandtering</i>	12
<i>Samdrifter</i>	13
<i>Styrkje sau- og geitehaldet</i>	13
<i>Beitelandskap</i>	13
<i>Jordbank</i>	14
Økologisk landbruk	14
<i>Fremje økologisk produksjon og omsetnad</i>	14
Skogbruk	14
<i>Skogsvegar</i>	14
<i>Skogkultur</i>	14
<i>Bioenergi</i>	15
<i>Organisert sal/ formidling av ved</i>	15

<i>Kvalitetsvyrke lauvtre</i>	15
Kulturlandskap	16
<i>Kulturlandskap</i>	16
Tilleggsnæringar	17
<i>Kortreist mat</i>	17
<i>Havbruk</i>	17
<i>Småkraftverk</i>	17
Reiseliv	17
<i>Gardsturisme</i>	17
Rekruttering	18
<i>Ungdom og identitet</i>	18
<i>Tilflytting gardsbruk</i>	18
Fagmiljø	18
<i>Landbruksråd</i>	18
<i>Felles landbrukskontor for Ulvik herad og Granvin herad.</i>	18
<i>Vedlegg:</i>	19
Retningslinjer for tilskot til landbruket.....	20
Kommunale vilkår for ordninga: "Spesielle miljøtiltak i landbruket" (SMIL).....	27
"Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket" (TNMS). Kommunale vilkår for ordninga:	29
Standardvilkår for tilskot til tiltak innan jord og skog i Indre Hardanger.....	32

Innleiing

Landbruksplan for Ulvik skal vere eit verktøy for utvikling av landbruket i Ulvik. Målsetjinga for planen illustrerer korleis komité for landbruksplan tenkjer seg planen nytta framover.

Landbruksplanen skal vera eit verktøy for å sikre drift og vidare utvikling av moderne landbruksverksemd innan hagebruk-, skog- og husdyrproduksjon, samt kulturlandskap, tilleggsnæring og reiseliv.

Ein ynskjer å syna litt av utviklinga i landbruket i Ulvik dei siste åra, hovudsakleg gjennom statistikk. Ein ser at tal bruk vert redusert og tal produsentar går ned. Likevel er landbruket i Ulvik ei basisnæring, som er leverandør av kvalitetar som er viktige for innbyggjarane og for dei tilreisande. Det gjeld å nytta dei råmene som myndigheitene gjev oss, slik at Ulvik og i framtida kan vere ei sterk landbruksbygd. Komité for landbruksplan i Ulvik ynskjer å understreka at det er mogelegheitene meir enn avgrensingane me vil gripa tak i med denne planen.

Ulvik juni 2004

Alf Gunnar Sortland (A)

Kyrre Manger (V)

Lars Helge Ljone (SV)

Ove Erdal (Dem.)

Nils Rune Vambheim (SP) Leiar

Frå administrasjonen har fylgjande delteke:

Einingsleiar
Jordbruksrådgjevar
Fagkonsulent

Haakon Innset
Torunn Reinsnos
Anders Børsheim

Bakgrunn

Til liks med resten av samfunnet, har landbruket opplevd store endringar dei siste tiåra. Medan landbrukspolitikken fram til slutten av 1980-talet i stor grad dreia seg om jordbrukstingingane og fordeling av avtalemidlar, greip dei internasjonale spørsmåla i avgjerande grad inn i den norske bonden sin kvardag frå 1990-åra. Marknadstilpassing vart politisk moteord, og Stortingsproposisjon nr.8 (1992-93), Landbruk i utvikling, vart det landbrukspolitiske dokumentet som varslar den nye tida. Medan Stortingsmelding nr.14 frå 1976 hadde fokus på inntekt og jamstelling, vart det no fokus på omstilling og bøndene som sjølvstendige næringsdrivande. I tråd med denne nye politikken hadde landbruket sine særinstitusjonar i stor grad vorte omforma og integrerte i nærliggjande samfunnsinstitusjonar.

Landbruksskulane vart i 1990 overførte til Kyrkje, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF), og i 1997 fylgde Landbrukshøgskulen og Veterinærhøgskulen etter. Landbruksbanken vart ført over til SND, og SND er no vorte ein del av Innovasjon Noreg. Landbrukskomiteen vart lagt ned av Stortinget 1992-93, og rundt om i dei ymse herad har jordstyre/ landbruksnemnder vorte erstatta av utval for næringsutvikling.

Opptappingsvedtaket i 1975 vart ein kort rus for den norske bonden. Tidleg på 80-talet kom blåmandagen med overproduksjon og miljøproblem. Medan landbruks- og miljørørslene hadde stått saman mot EEC tidleg på 70-talet, var denne alliansen i ferd med å slå sprekker i andre halvdel av 70-talet. Opptappingspolitikken førde til auka bruk av kapitalkrevjande innsatsfaktorar, som vidare førde til overproduksjon og ureining. Landbruket kom etter kvart under dobbel eld. Frå høgresida i politikken vart det kritisert for å vera for dyrt, og frå venstre for å øydeleggja naturen. Landbruket var i ferd med å koma inn i ei legitimitetskrisa, og nye grep vart naudsynte for å møta nye utfordringar. Det er i denne samanhengen ein må sjå endringane i norsk landbrukspolitikk som stortingsproposisjon nr.8 fører med seg. Landbruket skulle tilpassa seg nye internasjonale rammevilkår som vart tinga fram, og samstundes ta sin del i dei komande innstrammingane i dei statlege overføringane.

I jordbruksoppgjæret 1988 vart det oppretta eit Bygdeutviklingsfond, som skulle vera med og finansiera tilleggsværksemdar på gardane. Ein kan seie at utviklinga av alternativ næringsværksemd har vorte ein føresetnad for å byggja ned investeringsstøtta til tradisjonelt jordbruk. Internasjonalt har det vokse fram ei forståing for dei ikkje-handelsmessige faktorane ved landbruket. Mange land har samla seg til vern om det multifunksjonelle landbruket, som tek omsyn til matvaretryggleik, busetnad, biologisk mangfald og kulturlandskap. Medan landbruket tradisjonelt har vore sett på som matprodusent, vert landbruket no like ofte framstilt som leverandør av fellesgode til samfunnet. I tråd med dette synet, får bonden no vederlag for å halda kulturlandskapet i hevd. Dette er og ei form for støtte som har internasjonal aksept. Støtte knytt til produksjonsmengd skal derimot byggjast ned.

Norsk landbruk står såleis overfor denne utfordringa: Opnare grenser og lægre råvareprisar, samstundes som høvet til å bruka støtteordningar vert redusert. Bruksstruktur og arrondering tilseier at landbruket i Ulvik ikkje vil kunna hevda seg i konkurransen om å produsera billige råvarer. Det er likevel grunn til å streka under at landbruket framleis har store moglegheiter.

Nasjonal landbrukspolitikk - Landbruk Pluss

Ein forsterka nærings- og eiedomspolitikkk parallelt med effektivisering av norsk landbruk vert samla under omgrepet Landbruk Pluss. Det involverer samtlige politikkområde i Landbruksdepartementet. Målet med Landbruk Pluss er levande bygder med gode og moderne kår for både å leva og bu, marknadsretta produksjon av varer og tenester, auka demokratisering og overføring av mynde til regional og lokalt nivå innan landbrukspolitikken.

Med Landbruk Pluss får herada auka ansvar og auka handlingsrom. Heradet vert ein landbrukspolitisk aktør, og det vert gjeve høve til lokale og regionale tilpassingar.

Frå 01.01.04 får herada avgjerdsmynde i konsesjonssaker, delingssaker og saker etter skogbrukslova med unntak av saker om verneskogsgrensa.

Samstundes som herada får meir juridisk avgjerdsmynde, får dei og rådvelde over ein del økonomiske verkemidlar. Dette gjeld " SMIL (tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket med hovudvekt på å ivareta kulturlandskapet og tiltak for å redusera ureining) og midlar knytt til skogbruk (NMSK -nærings- og miljøtilskot i skogbruket)

Viktige endringar er:

- Enklare lovverk
- Lettare å omsetja ubyggd areal som er lagt ut til anna enn landbruks-, natur- og friluftsområde
- Landbrukseigedomar under 100 daa med inntil 20 daa fulldyrka areal vert konsesjonsfrie
- Lovverk meir positiv til brukar og føreåret med eit evt kjøp av eigedom
- Priskontroll i lovverk gjeld berre landbrukseigedomar
- Elles gjev lovverket kommunane stort slingringsmon til å praktisera lov i samsvar med lokale strategiar

Fylket får og auka handlingsrom med innføringa av Landbruk Pluss. Alle fylke skal no utarbeida sine regionale miljøprogram. Desse miljøprogramma skal vera forankra i tiltak for å ta vare på kulturlandskapet og redusera ureiningar. Samstundes som fylket får auka avgjerdsmynde, vert desse ordningane avvikla:

- * Tilskot til stølsdrift med mjølkeproduksjon
- * Tilskot til dyrking av for i fjellet
- * Driftsvansketilskot til brattlendte bruk
- * Tilskot til organisert beitebruk
- * Tilskot til endra jordarbeiding
- * Fylkesvise midlar til informasjons- og miljøtiltak

Fylket står no fritt til å bruka dei midlane som tidlegare gjekk til desse ordningane. Men miljøprogrammet som fortel korleis midlane skal nyttast, må som før nemnt vera forankra i tiltak for å ta vare på kulturlandskapet og redusera ureiningar.

Dei økonomiske verkemidlane for å ta vare på kulturlandskapet og hindra ureining som partane i jordbruksavtalen vert einige om, vert såleis frå no av forvalta av tre ulike nivå:

- Det nasjonale miljøprogrammet som omfattar areal- og kulturlandskapstilskotet.
- Frå 2005 skal det regionale miljøprogrammet trå i kraft.
- Frå 2004 vil forvaltninga av spesielle miljøtiltak i landbruket og midlar knytt til skogbruk verta ført over til herada.

Det er grunn til å streka under at tildeling av midlar på heradsnivå, vert gjort ut i frå tidlegare bruk. Ein offensiv plan for å møte dei nye utfordringane er såleis svært viktig for Ulvik Herad, og det er som dette denne landbruksplanen er tenkt.

Parallelt med utarbeiding av denne kommunale landbruksplanen og det før omtala miljøprogrammet på fylkesnivå, er det i gang arbeid med ein landbruksplan for Hardanger, der Eidfjord, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang og Ulvik herad er med. Det vil vera naturleg med samarbeid mellom alle desse.

Når ein ser på korleis fordelinga av avtalemidlar har endra seg i seinare år, kan ein trygt slå fast at denne utviklinga ikkje har gagna den bruksstrukturen ein har på Vestlandet.

Jordbruksavtalane har vorte eit verktøy for strukturrasjonalisering. Samstundes har dei og premiært auka bruk av kraftfôr, og såleis skuva på den dreininga av kjøttforbruket som har funne stad frå mørke til ljose kjøtslag. I neste omgang fører dette til redusert beiting og attgroing av kulturlandskapet.

Med den strukturen på landbrukseigedomar me har her i fylket, vil landbruket i Hordaland tena på at resten av det nasjonale miljøprogrammet vert ført over til fylka. Dette, saman med at botntrekket vert teke vekk, vil vera viktig for landbruket i Ulvik.

Det vil vera viktig at faglaga og Fylkesmannen si landbruksavdeling kan verta samde om ein del felles mål, og strategi for å nå desse måla. Arbeidet med å påverka politikarar og fagmiljø for å få utviklinga til å dreia over i ei retning som tek vare på småskalalandbruket på Vestlandet vil vera viktig i tida som kjem. Kontakten med Fylkesmannen vil likeeins vera viktig med omsyn til kompetanseutvikling på heradsnivå i høve dei nye oppgåvene herada no har fått i fanget.

Status for eining for landbruk

Administrativ organisering

Landbruk er i Ulvik organisert i eigen eining. Eininga består av:

Einingsleiar 60 % (skogbruk)

Rådgjevar jordbruk 100 %

Fagkonsulent jord 75 %

Landbruksvikar 60 % (st.heimel 100 %)

Veterinær 100 %

Politisk organisering

Det er formannskapet og heradstyret som handsamar landbruksakar i Ulvik.

Fag og kompetansemiljø

Ulvik bondelag

Ulvik bonde og småbrukarlag

Ulvik skogeigarlag

Ulvik sau og geitealslag


Hjeltnes Gartnarskule

Grønt Kompetansesenter Hjeltnes

Statistikk

Som ein del av landbruksplanen, tar ein for seg noko utvald statistikk, for å visa utviklinga innanfor næringa i Ulvik.

År	1990	1998	1999	2000	2001	2002	2003
Driftseiningar	91		85	83	80	76	69
Mjølkeprod.				16	16	16	15
Liter prod mjølk				832.568	857.120	865.693	867.314
Brukarar Sau	65	50	47	52		53	47
Sauetal	2.320	2.271	2.271	2.437		2.427	2.308
AK tilskot i kr			2.698.003	2.432.896	2.405.626	2.089.674	



Areal

1233 ULVIK	Antall landbruks. eiend. i alt	Med minst 5 dekar jordbr	Med minst 25 dekar skog	Jordbr. areal i alt (daa)	Jordbr. areal disponert (daa)	Prod skogsareal (daa)
0 - 4 daa	17	0	7	6	2	1.186
5 - 19 daa	39	39	11	517	190	1.622
20 - 49 daa	44	44	31	1.471	931	9.071
50 - 99 daa	56	56	50	3.923	3.399	14.953
100 - 199 daa	12	12	10	1.477	1.196	3.656
200 - 299 daa	2	2	0	501	501	0
Sum	170	153	109	7.895	6.219	30.488

Fruktdyrkarar

ÅR	1990	1998	2000	2001	2002	2003
Brukarar	70	61	62	60	54	46
Areal	1169	1023	977	945	852	844

Miljøomsyn i landbruksnæringa

Gardbrukarane får stadig større krav i høve det å ta omsyn til miljøet, både natur-, kultur- og arbeidsmiljø.

Døme på krav som er sett:

- Miljøplan
- Miljøsertifisert tømmer
- Skogbruksplan
- Kvalitetssikring i landbruket (KSL)
- Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Infrastruktur

Ulvik herad har eit godt utbygd vegnett, dette gjeld både skogbilvegar og traktorvegar både for skog og jord. Det står framleis arbeid att i høve skogsvegar, då kravet til levering av tømmer stadig har vorte strengare.

Det er nokre kommunale flaskehalsar som med utbetring kan gjere situasjonen for skogbruket vesentleg betre. Framleis er det på nokre strekk ikkje råd å komme ut til skogsbilvegane med vogntog, fordi det offentlege vegenettet ikkje er godt nok. Dette gjeld særleg Hallanger, Øyane, Byrse og Øvregardane. Vambheim har heller ikkje noko god vegløyning i den kommunale vegen.

Ulvik herad har ansvar for 28.37 km kommunal veg. Det har gjennom fleire år vore underdekning på vegvedlikehaldet i budsjettet, og då har det heller ikkje vore rom for nye prosjekter. Med bakgrunn i dette vart det oppretta ein kommunal vegkomité (HST sak 056/02), som skulle gjere opp status og vurdere det kommunale vegnettet.

Denne komiteen la fram sine prioriteringar i HST sak nr 055/03. Oppsummert er desse prioriteringane knytt til landbruket som følgjande:

- Bk 10 på alle vegar

- Ved opprusting skal vogntoglengda 18.75 leggst til grunn i planlegginga.
- Del av veg til Lindebrekke
- Del av veg Håheim
- Del av veg Vambheim
- Faglege økonomiske vurderingar av bru på Sotenos

Dette er ei tiltaksliste som er fornuftig med omsyn til den trong landbruket har til det offentlege vegnettet. Vert desse partia utbetra til å halda BK 10 og lengde 18.75 m, vil det gje eit positivt bidrag til landbruket sine behov.

Skogbruk


Skogbruket i Ulvik har vore aktivt drevet i Ulvik. Det har vorte lagt ned eit betydeleg arbeid med skogsvegar, dette har gjort at Ulvik sannsynlegvis har bygd hovudtyngda av skogsbilvegar. Utfordringa no framover vil vere opprusting av eksisterande vegar, og tilrettelegging av snu og velteplassar. Det bør og rettast fokus på flaskehalsar innanfor det offentlege vegnettet. Som ein del av landbruksplanarbeidet, vil det og verta laga ein hovudplan for skogsvegar.

Dei siste åra har det vore ein nedgang i hogsten i Ulvik. Dette skyldast nok fleire ting, men utviklinga i tømmerpris kan vere ein viktig årsak. Tilskota til skogkultur har vore gode, men statstilskotet vart tekne bort for 2003. Dette medførte ein kraftig reduksjon i aktiviteten, men ein håpar at den no tek seg opp att til normalnivå, etter som tilskotet til skogkultur har komen tilbake. Det kommunale tilskotet til skogkultur gjeld framleis.

Det vart i 2003 gjort registreringar i høve ny skogbruksplan for Ulvik. Desse planane er pr dato ikkje ferdigstilt, og ein har difor berre tal frå førre registrering i høve skogbruksplanlegging i Ulvik. Desse nye planane er vorte betre, og brukarane har og no moglegheit til å få planane digitalt på eigen PC.

Tal frå skogbruksplanen laga i 1989

Produktivt Skogareal	34 659 daa
Kubikkmasse totalt	377 640 m3 u.b.
Kubikkmasse Gran	146 396 m3 u.b.
Kubikkmasse Furu	160 227 m3 u.b.
Kubikkmasse Lauv	71 017 m3 u.b.
Kubikkmasse pr daa	10.9 m3 u.b
Tilvekst Totalt	12 641 m3 u.b.
Tilvekst hogstklasse III – V	12 588 m3 u.b.
Produksjonsevne	19 511 m3 u.b.
Anbefalt hogst	14 690 m3 u.b.



Handsaming av lovsaker

Handsaming av saker etter jordlova, skoglova, delingslova og konsesjonslova vert styrt etter dei respektive lovene.

Jordvern

Jordvernet har vore og skal praktiserast strengt i Ulvik. Dette må gjerast for å sikra drift og vidareutvikling av moderne landbruksverksemd. Dyrka jord har etter lova eit sterkt vern, men dette kan svekkast av lokale styresmakter. Presset på jordbruksareala aukar, og særleg på den mest verdifulle jorda, difor er det viktig at heradet fører ein politikk som tek vare på landbruksareala våre. Desse må aktivt brukast til mat og vareproduksjon, friluftsbuk og tenesteproduksjon.

Konsesjon-nullkonsesjon

Ulvik herad innførte "konsesjonsgrense 0" i 1986 som eit verkemiddel for å hindra at hus/bustadhus vart selde som fritidshus og at prisane på bustader i Ulvik vart urimeleg høge av den grunn. Prinsippet med konsesjonsgrense 0 vart vurdert på nytt i 1997 og heradstyret fann at det var ynskjeleg at denne føresegna vart oppretthalden. Ein fann då grunn for å behalda forskrifta slik som i dag, men opne for dispensasjon i god avstand frå regulerte bustadfelt og utanom "tettstaden" Brakanes.

(HST sak nr 033/97). Denne er seinare justert i HST 030/01, i tråd med endringar i konsesjonslova (frå 5 til 20 daa)

Bu og driveplikt

Søknader som vedkjem bu og driveplikt, skal handsamast strengt. Ein ynskjer å oppretta ei database i regionen som inneheld landbrukseigedommar kor det korkje bur folk eller er drift.

Tiltaksplan for Ulvik herad

Hovudmålsetjing i planen:

Landbruksplanen skal vera eit verktøy for å sikre drift og vidare utvikling av moderne landbruksverksemd innan hagebruk-, skog- og husdyrproduksjon, samt kulturlandskap, tilleggsnæring og reiseliv.

Strategiar:

Hagebruk

Auke frukt- og bærproduksjonen

Fruktdyrking er eit av særtrekka i Hardanger og Ulvik har gode vilkår for produksjon. Det er òg tradisjon for bærproduksjon i bygda og dette potensialet kan truleg utnyttast meir. Gjennom aktiv drift, fokus på verdiskaping og nye samarbeidsformer stimulerer og styrkjer dette næringa.

Ansvar: Hagebrukarar, Indre Hardanger Forsøksring
Gjennomføring: Kontinuerleg
Kostnad:

Vidareforedling av produkt frå hagebruksnæringa

Opphavsmerking, utvikling og foredling av hagebruksprodukt opnar mogleik for auka verdiskaping, samstundes som det er med til å sikra produksjonsgrunnlaget for hagebruket. Dette kan skje hjå den einskilde produsent og/ eller i samarbeid med andre. Torgdagar, møteseriar med informasjon og fokus på potensiala kan vere tiltak for å få i gang gode prosessar.

Ansvar: Hagebrukarar, Hardanger Fjordfrukt BA
Gjennomføring: Kontinuerleg
Kostnad:

Husdyrproduksjon

Gjødselhandtering

Kopling mellom ledig spreieareal og brukarar som har trong for meir areal. Landbruksråd og landbrukskontor kan administrere ordninga. Det kan òg verta mogleg for private å få tak i gjødsel gjennom ordninga.

Ansvar: Landbrukskontoret/ Landbruksråd
Gjennomføring: 2006

Kostnad: Kr 5000,-

Samdrifter

Det er opna for bruk av samdriftsformer i fleire typar husdyrhald, ikkje berre mjølkeproduksjon. Det bør arbeidast for at der det ligg til rette for det i Ulvik, vert prøvd ut. Ordna fritid for gardbrukarane er viktig både for å halde ut i yrket, men òg for å sikre rekruttering til drifta. Vitjing av samdrifter og informasjon gjennom møteserie kan vere aktuelt.

Ansvar: Gardbrukarar, Ulvik bondelag, Ulvik bonde- og småbrukarlag. For samdrift mjølkebruk kan produsenttenesta hjå Tine vere aktuell.

Gjennomføring:

Kostnad:

Styrkje sau- og geitehaldet

Det er viktig å skape interessa for sauehald og halde motivasjonen hjå dei som allereie driv. Det er for lite beitedyr totalt sett i Ulvik i dag, og det er plass og trong for auka småfehald. Skal kulturlandskapet skjøttast og haldast ope og tilgjengeleg, er sau (geit) beste aktøren. Stimulere til auka produksjon.

Ansvar: Gardbrukarar, Ulvik bondelag, Ulvik bonde- og småbrukarlag.

Gjennomføring: Kontinuerleg.

Kostnad:

Beitelandskap

Vidareføring og utvikling av eksisterande prosjekt som grunneigarar i Ulvik deltek i. Planar for samarbeid og beitebruk kan inngå som delplan i arealplanen for heradet.

Ansvar: Deltakarar i prosjektet

Gjennomføring: 2005

Kostnad:

Jordbank

For å oppretthalde arealet med dyrka jord, kan det i Ulvik etablerast ein jordbank, der grunneigarar kan melda inn ynskje for leige eller utleige av jord. Denne ordninga vil kunne styrkja næringsgrunnlaget for aktive brukarar, i tillegg til at større del av kulturlandskapet vert halde i hevd.

Ansvar : Landbrukskontoret/ Landbruksråd
Gjennomføring: innan 2007, men parallelt med tiltaket 'Gjødselhandtering'.
Kostnad: Kr 5000,-

Økologisk landbruk

Fremje økologisk produksjon og omsetnad

Trendane i tida viser at det er eit auka fokus på helse og omsut for miljøet og elles stor interesse for variert mat (gjerne lokalt produsert og med 'historie'). Undersøkingar viser at det er auka betalingsvilje for økologiske matvarer. Samstundes er det eit uttrykt politisk mål at 10 % av jordbruksarealet i Noreg skal vere økologisk innan 2010. Kva kan Ulvik bidra med her?

Ansvar: Landbruksråd
Gjennomføring: 2006
Kostnad:

Skogbruk

Skogsvegar

Sikra at arbeidet med utvikling av skogsvegane vert oppretthalden, slik at ein får ein rasjonell vegstruktur i heradet som brukarane og næringa er tent med. Vurdera om ein skal nytta skogsvegmidlar til å utbetre kommunale flaskehalsar.

Prosjekt som er innanfor område skissert i hovudplan veg for Ulvik herad skal prioriterast.

Ansvar: Landbrukskontoret
Gjennomføring: Kontinuerleg
Kostnad:

Skogkultur

Auka fokus på skogkultur i heradet. Dette gjerast gjennom årlege skogkulturprosjekt, som me har hatt nokre tidlegare år i Ulvik. Gjennom eit slikt prosjekt vert det tilsett ein prosjektmedarbeidar som driv oppsøkjande verksemd mot den einskilde skogeigar. Denne prosjektmedarbeidaren driv og utførande skogkulturarbeid, og vil vere sjølvfinansierande hovuddelen av tida. Kostnaden vil vere knytt til den oppsøkjande verksemda, resten vil verte finansiert gjennom tilskot og eigenbetaling. Eit slikt prosjekt vil vere med på å sikra at det er nokon til å utføra skogkulturarbeid, men vil også kvalitetssikra det praktiske arbeidet.

Prosjektet kan organiserast i samarbeid med naboherad.

Ansvar: Landbrukskontoret
Gjennomføring: Årleg prosjekt
Kostnad: om lag 30.000

Bioenergi

Auka fokus på bioenergi som alternativ oppvarmingskjelde i både offentlege og private bygg. Det vil vere viktig å påverka heradet til å vurdere alternative oppvarmingskjelder i samband med utbetring av eksisterande bygg eller nybygg.

Vurdere trongen av ein flishoggar, og kva marknad som eksisterar i og utanfor bygda. Dette er og viktig i samband med det arbeidet som vert gjort i tiltak knytt til kulturlandskapet, som til dømes rydding av lauvvyrke.

Kartleggja kva flis som kan nyttast til kva føremål.

Ansvar: Ulvik skogeigarlag i samarbeid med landbrukskontoret
Gjennomføring:
Kostnad:

Organisert sal/ formidling av ved

Ulvik har store resursar når det gjeld lauvtre. I skogbruksplanen frå 1989, er det rekna vel 70.000 m³ ståande kubikkmasse lauvtre. Lauvskogen har ein årleg tilvekst på om lag 1100 m³. Desse tala inkluderar berre lauvvyrke som står på skogsmark. Om ein tek med det som vert produsert i kulturlandskapet, er tala monaleg større. Det ligg eit stort verdiskapingspotensiale i lauvvyrke, men det kan sjå ut som at ein treng eit samla omsetjingsledd. Ein ynskjer å undersøkje om det er mogleg å få til ei omsetjing av lokalprodusert ved, både for lokal marknad, men og retta mot hyttefolk og større tettstader.

Det er fleire i bygda som har investert i vedmaskiner og produksjonen vert auka. I dag vert omsetjing av denne veden stort sett gjort av produsenten sjølv

Ansvar: Ulvik Skogeigarlag
Gjennomføring: 2005
Kostnad:

Kvalitetsvyrke lauvtre

Det har nasjonalt og regionalt vore satsa på kvalitetsvyrke lauvtre dei seinaste åra. Ulvik har eit aktivt brukt kulturlandskap, store lauvtre har vore ein viktig del av landskapet. Dei biologiske føresetnadane for produksjon av kvalitetsvyrke er absolutt tilstades både i kulturlandskapet og på ordinær skogsmark. Det bør rettast større fokus på det potensialet som lauvtre har utover vedproduksjon. Gjennom informasjonsarbeid og temakveldar, kan ein stimulera på auka satsing på lauvtre.

Ansvar: Ulvik skogeigarlag i samarbeid med landbrukskontoret
Gjennomføring: Kontinuerleg
Kostnad:

Kulturlandskap

Kulturlandskap

Aktive kulturlandskap gjev identitet, tilknytning og trivnad i lokalsamfunnet, samstundes som tilreisande kan oppleve landskapskvalitetane i landbruksbygda Ulvik. Kulturlandskapet har ei rekke positive verdiar: økonomiske, biologiske, kulturhistoriske, pedagogiske og vitskapelege verdiar. Det er ei utfordring å klara å oppretthalde aktiv bruk av kulturlandskapet med endra driftsformer og reduksjon i dyretal. Ved å skapa forståing for at til dømes gamle buføringsveggar, utslåtter, husmannsplassar, steingjerde og beite representerer verdiar både for gardbrukarane og ålmenta, sikrar ein interesse for at dette vert teke vare på vidare. Det skal vere aktiv bruk og utnytting av kulturlandskapet i Ulvik.

I tillegg til aktivt informasjonsarbeid om tilskotsordningar, kan det vere aktuelt å gjennomføre eit prosjekt der ein tilset "kulturlandskapsarbeidar". Denne personen kan nyttast, i vid forstand, av brukarane i Ulvik til kulturlandskapsarbeid.

Prosjektmedarbeidaren kan òg ha andre oppgåver knytt til arbeid med kulturlandskapet. Det kan vere å gjere ymse registrere m.o.p. kulturlandskapsverdiar; t.d. naustmiljø, stølsvollar, slåttemyrer.

Ansvar:	Grunneigarar,
Gjennomføring:	2005
Kostnad:	Tilskot, elles finansiert av brukarane av tenesta

Tilleggsnæringar

Kortreist mat

Prøve å få til eit nettverk om mat som ikkje har vore ute av regionen. Utnytta potensialet i det som fins av lokal produksjon og stimulere nye aktørar. Stimulera brukarar som ynskjer å satsa på ei lokal foredling og omsetjing av lokalproduserte råvarer. Dette kan gjelda kjøt, frukt, bær eller grønsaker. Tilrettelegging for felles kompetanseheving og kursing. Omsetjingskanalar.

Ansvar: Faglaga i samarbeid med t.d. skulebutikken på Hjeltnes Gartnarskule, Slow Food Hardanger, Mattilsynet.
Gjennomføring: 2005-2006
Kostnad:

Havbruk

Utvikling av havbruk som ny næring har vore eit nasjonalt satsingsområde dei siste åra. Skjeldyrking knytt til landbrukseigedomar kan vere ei interessant tilleggsnæring for fleire. Også andre maritime artar kan vere aktuelle for oppdrett eller hausting. Legga til rette for og stø opp om aktuelle aktørar m.a. gjennom tilrettelegging av areal, fellesaktivitetar, informasjon.

Ansvar: Ulvik Skjell AS, Hardanger Skjeldyrkarlag, interesserte grunneigarar.
Gjennomføring:
Kostnad:

Småkraftverk

Det vert frå sentrale styresmakter lagt til rette for bygging av småkraftverk. Det kan òg liggja til rette for det i Ulvik. Utbygging av kraftpotensiale kan verta ei god tilleggsnæring for einskilde bruk, og det bør verta auka fokus på moglegheitene ei slik utbygging kan gje utøvarane i landbruksnæringa.

Ansvar: Grunneigarar, Næringsrådgjevar
Gjennomføring: 2005
Kostnad:

Reiseliv

Gardsturisme

Det ligg eit potensiale i gardsturisme med utgangspunkt i lokal kultur og tradisjon. Ein ynskjer å stimulera til å satsa på gardsturisme og besøksgardar. Bygga nettverk mellom dei aktørane som allereie driv med slik verksemd.

Ansvar: Ulvik Reiselivslag i samarbeid med tilbydarar.
Gjennomføring: 2005
Kostnad:

Rekruttering

Ungdom og identitet

Tiltak som kan styrkja motivasjonen for unge til å ta over gardsbruk. T.d. motorsagkurs/hogstteknikkurs, elevbedrifter i samarbeid med skulen, ekskursjonar.

Ansvar: Landbruksråd
Gjennomføring: 2005
Kostnad:

Tilflytting gardsbruk

Få til felles prosjekt for regionen for å kartlegga omfang av gardsbruk kor det ikkje bur folk elles system for kontroll av oppfylling av buplikta. Få engasjert nokon til å vere pådrivarar i høve omsetning av aktuelle eigedommar (jmf modell frå Telemark).

Ansvar: Regionrådet i samarbeid med landbrukskontor/ Landbruksråd
Gjennomføring: 2006
Kostnad:

Fagmiljø

Landbruksråd

For å medverke til utvikling av landbruksnæringa i kommunen, kan det etablerast ein møteplass med representantar frå ulike delar av næringa. Desse bør truleg vera frå faglaga, forvaltinga, rettleiingstenesta, FoU og politikken. Landbruksrådet kan kome med innspel og idear til forvaltinga og landbruksnæringa elles. Indre Hardanger Forsøksring har i dag eit samarbeid med årlege møte på fruktproduksjonssida, og kanskje kan dette organet danne eit utgangspunkt for eit landbruksråd? Landbruksrådet vert ansvarleg for revidering av landbruksplanen innan utgongen av 2006.

Ansvar : Landbrukskontoret/ komité for landbruksplanen
Gjennomføring: 2005/ 2006
Kostnad:

Felles landbrukskontor for Ulvik herad og Granvin herad.

Det viktig for utvikling og styrking av fagmiljøet at nivået på tenesteyting innanfor landbruk ikkje vert redusert. Kan samordna fagkompetanse fremje og forsterke det faglege miljøet og auke kvaliteten på desse tenestene? Landbrukskontoret er ein ressurs for landbruket.

Ansvar: Heradstyret
Gjennomføring: Årlege budsjettvedtak
Kostnad:


Vedlegg:

- **Næringsfondsmidler som gardbrukarar i Ulvik kan søkja tilskot frå**
- **Kommunale vilkår for ordninga: "Spesielle miljøtiltak i landbruket" (SMIL).**
- **Kommunale vilkår for ordninga: Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (TNMS).**
- **Standardvilkår for tilskot til tiltak innan jord og skog i Indre Hardanger.**

Retningslinjer for tilskot til landbruket

Vedtekne i Ulvik heradsstyre 15.06.2000

Revidert 11.02.04 – H-sak 4/04.



FELLESPUNKT

Desse punkta er felles for alle tilskotsordningane:

- 1. Føremål**
Det kan ytast tilskot til investeringar som er knytt til næringsverksemd innan landbruket.
- 2. Planlegging**
Alt bygge- og anleggsarbeid skal vera planlagt og godkjent før arbeidet startar.
- 3. Søknad**
Søknad skal vera fremja i rimeleg tid før arbeidet startar.
- 4. Vilkår for utbetaling**
Før innvilga tilskot kan utbetalast, må kriteria i punkt 4 i retningsliner for næringsfondet i Ulvik herad vera oppfylde.
- 5. Sakshandsaming og klage/anke**
Vedgåande sakshandsaming og klage/anke, vert det vist til punkt 7 og 8 i retningsliner for bruk av næringsfond i Ulvik herad..

Formannskapet står fritt til å vurdere tilskotsstorleik ut i frå dei rammene som er gitt under dei ulike ordningane.
6. Nye ordningar trer i kraft frå 15.6.00.

TILSKOT TIL KJØP AV MJØLKEKVOTE

1. På bruk med mjølkekyr kan det ytast tilskot til kjøp av mjølkekvote. Bruket må stetta arealkrav og andre vilkår i samsvar med sentrale retningslinjer for kjøp av mjølkekvote. Lovpålagte tekniske miljøtiltak må vera utført før ein kan gje tilskot til kjøp av mjølkekvote.
2. Det kan gjevast tilskot på inntil 25% av kjøpesummen.
3. Søknad skal fremjast innan 1 år etter at bruket har fått tilsagn om kjøp av kvote.

TILSKOT TIL DYRKINGSARBEID

Ulvik herad kan gje tilskot til :

1. Til fulldyrking med inntil 30% av kostnadsoverslaget.
Tilskotet vert avgrensa til kr 1 500,-/daa. Nedre arealgrense for tilskot er 1 daa.
2. Til grøfting av tidlegare dyrka jord med inntil 30% av kostnadsoverslaget. Tilskotet er avgrensa til kr 1 000,-/daa. Nedre arealgrense for tilskot er 1 daa.
3. Søkjaren må vera busett i Ulvik.
4. Fellespunkt
Det vert vist til fellespunkta for tilskotsordningane vedkomande godkjenning av planar, når søknaden skal vera fremja og vilkår for utbetaling.

TILSKOT TIL PLANTING AV FRUKT OG BÆR

Ulvik herad kan gje tilskot til :

1. Planting av frukt og bær med inntil 20 % av kostnadsoverslaget. Tilskotet vert avgrensa til kr 2 500 per daa. Nedre grense for tilskot er planting av 1 daa samanhengande areal.
2. Det kan ikkje ytast tilskot til same areal meir enn ein gong kvart tiande år.
3. Søkjaren må gjera greie for omsetjing av avlingane, og vera mottakar av produksjonstillegg.
4. Planteplanen skal godkjennast av næringskontoret med omsyn til sortsva og tal tre per daa.
5. Søkjaren må vera busett i Ulvik.
6. Fellespunkt
Det vert vist til fellespunkta for tilskotsordningane vedkomande godkjenning av planar, når søknaden skal vera fremja og vilkår for utbetaling.

TILSKOT TIL TEKNISKE MILJØTILTAK

1. Ulvik herad kan gje inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag i tilskot til lovpålagde tekniske miljøtiltak på gardsbruk. For ikkje lovpålagte tiltak med stor miljøgevinst kan det ytast tilskot på inntil 10%. Tilskotsgrunnlaget er det same som gjeld for statstilskot. Samla tilskot frå stat og herad skal ikkje vera over 50%.
2. Alt byggearbeid skal vera planlagt av kvalifisert planleggjar.
3. Tilskot vert berre gjeve til arbeid med kostnadsoverslag større enn kr 25 000,-
4. Søknaden må innehalda investeringsplan og finansieringsplan for tiltaket.
5. Søkjaren må vera busett i Ulvik.
6. Fellespunkt
Det vert vist til fellespunkta for tilskotsordningane vedkomande godkjenning av planar, når søknaden skal vera fremja og vilkår for utbetaling.

TILSKOT TIL DRIFTSBYGNINGAR

Ulvik herad kan gje tilskot til :

1. a) Reising av nye driftsbygningar i jordbruket med og utan offentleg finansiering.
b) Større og mindre ombyggingsarbeid/tilbygg på eldre driftsbygning, (som ikkje stettar kravet til dagens funksjonalitet), med og utan offentleg finansiering.
2. Tilskotet er avgrensa til inntil 20% av godkjent kostnadsoverslag for 1a) og 30% for 1b) med høgaste tilskot kr 75 000,- Samla tilskot frå stat og herad skal ikkje vera over 50% av kostnadane. Over ein periode på 7 år kan det ikkje gjevast meir enn kr 75 000,- til driftsbygningar på same bruk.
3. Tilskot vert berre gjeve til arbeid med kostnadsoverslag større enn kr 25 000,-
4. Søknaden må innehalda investeringsplan og finansieringsplan for tiltaket.
5. Søkjaren må vera busett i Ulvik.
6. Fellespunkt
Det vert vist til fellespunkta for tilskotsordningane vedkomande godkjenning av planar, når søknaden skal vera fremja og vilkår for utbetaling.

TILSKOT TIL ETABLERING VED GENERASJONSSKIFTE

1. Føremål

Det kan gjevast tilskot i samband med generasjonsskifte på gardsbruk. Med dette meiner ein overdraging av eigedomen frå eldre til yngre brukar innan familie eller ved fritt sal.

Etablerartilskotet skal nyttast til å setja i stand produksjonsapparatet slik at det styrkjar garden som ein arbeidsplass på heltid eller deltid.

Føremålet er å styrkja og vidareutvikla eksisterande bruk, gjennom å gje ein ekstra stimulans til yngre folk som vil ha yrket sitt innan landbruket. Bruk med dårleg produksjonsapparat vil verta prioritert.

2. Vilkår

Etablerartilskot kan berre gjevast til den som har skøyte på eigedomen, eller paktingskontrakt på minst 20 år.

Søkjaren må oppfylle bu- og driveplikta.

Søkjaren skal ha overteke bruket dei siste 2 åra (tinglysingsdato for overdraging) og ikkje vera over 35 år. Utviklingsstyret kan i særskilte høve dispensere frå øvre aldersgrense.

Søkjaren må vera søkjegod for produksjonstillegg dvs ha eit jordbruksareal på minst 10 daa.

3. Satsar

Det kan gjevast tilskot med inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag med kr 50 000,- som høgaste tilskot. Minste kostnadsoverslag er sett til kr 75 000,-.

4. Investeringar

Det kan berre ytast tilskot til investeringar som ikkje vert omfatta av dei andre ordningane i "Retningslinjer for tilskot til landbruket." Det kan ikkje ytast tilskot til våningshus, eller kjøp av eigedom.

Investeringane må vera direkte knytt til næringsverksemd på bruket. Det skal leggjast fram ein plan over tiltak, med kostnadsoverslag, finansieringsplan og framdrift for arbeidet.

Det skal leggjast fram ein oversikt over dagens drift på bruket, og planlagt drift framover.

5. Fellespunkt

Det vert vist til fellespunkta for tilskotsordningane vedkomande godkjenning av planar, når søknaden skal vera fremja og vilkår for utbetaling.

TILSKOT TIL PRIVATE JORDBRUKSVEGAR

Ulvik herad yter tilskot til private jordbruksvegar på fylgjande vilkår :

1. Vegane skal fylgja dei krav til vegstandard som vert sett for vegar som kan få statstilskot. I særlege høve kan ein gje løyve til å fråvika kravet til vegstandard.
2. Vegane skal vera planlagde og kostnadsrekna av kvalifisert planleggjar.
3. Det vert gjeve tilskot på inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag. Tilskotet vert redusert med eventuelt statstilskot/andre tilskot, slik at samla tilskot ikkje vert høgare enn 50%.
4. Formannskapet fastset tilskotsprosenten i kvart einskild tilfelle ut frå nytten veganlegget har for jordbruk.
5. Søkjaren må vera busett i Ulvik.
6. Fellespunkt
Det vert vist til fellespunkta for tilskotsordningane vedkomande godkjenning av planar, når søknaden skal vera fremja og vilkår for utbetaling.

TILSKOT TIL SKOGSVEGAR

Ulvik herad yter tilskot til skogsvegar på fylgjande vilkår :

1. Vegane skal fylgja dei krav som vert sett for vegar som kan få statstilskot. I særlege høve kan ein gje løyve til å fråvika kravet til vegstandard.
2. Vegane skal vera planlagde, kostnadsrekna og godkjende av kvalifisert planleggjar.
3. Veglengda skal som hovudregel vera minst 250 m.
4. Det vert gjeve tilskot på inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag. Tilskotet vert redusert med eventuelle statstilskot/andre tilskot, slik at samla tilskot ikkje vert høgare enn 75%.
5. Formannskapet fastset tilskotsprosenten i kvart enkelt tilfelle etter nytten av vegen.
6. Det skal setjast krav om eit visst hogstkvantum i tilknytning til vegen, og eventuelt at det vert utført skogsarbeid på eit visst areal.
7. Fellesanlegg skal prioriterast.
8. Fellespunkt
Det vert vist til fellespunkta for tilskotsordningane vedkomande godkjenning av planar, når søknaden skal vera fremja og vilkår for utbetaling.

TILSKOT TIL SKOGKULTUR

1. Det kan gjevast tilskot til skogkultur i samsvar med gjeldande tiltaksplan for skogbruket i Ulvik herad.
2. Det kan gjevast tilskot på inntil 25% av godkjent kostnadsoverslag.
3. Ordninga vert forvalta av administrasjonen samordna med statlege midlar til skogkultur. Fellespunkta er såleis ikkje aktuelle for skogkultur på same måten som for dei andre tilskotsordningane.

Kommunale vilkår for ordninga: ”Spesielle miljøtiltak i landbruket” (SMIL).

Alminnelege retningsliner.

§ 1. Formål:

Tilskotet skal bidra til å fremje miljøverdiane og redusere forureininga i kulturlandskapet.

§ 2. Virkeområde:

SMIL- midlane kan nyttast i heile heradet./event i kommunane Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Granvin.

Vilkår, tiltaksgrupper og tilskotsnivå.

§ 3. Generelle vilkår:

Det kan verta gitt tilskot til føretak som søker om produksjonstilskot, til tiltak på eigedom innan LNF-område på kommuneplan, samt til tiltak i verna område (jf lov 19. juni 1970 nr 63 om naturvern og 9. juni 1978 nr 50 om kulturminner) så sant det offentlege ikkje har eigarinteresser

Det er eit krav at søkjaren overheld lovar og forskrifter. Tiltak som er i strid med planer eller planvedtak etter plan- og bygningslova kan ikkje få tilskot.

Frist for gjennomføring av tiltaket er 3 år. Ved sakleg grunngjeve søknad, kan heradet forlenga fristen med inntil 2 år.

Maksimalt tilskot pr. landbrukseigedom er kr. 200.000,- over ein periode på 5 år.

§ 4. Prioriterte tema

Tilskot kan gjevast til

1. planleggings- og tilretteleggingstiltak som fører til konkrete tiltak innan:
2. kulturlandskapstiltak
 - fremje biologisk mangfald
 - tilgjenge / opplevingskvalitet
 - kulturminne / kulturmiljø
 - freda / verneverdige bygningar
3. forureiningstiltak

Vilkår: Tilskot kan gjevast med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. For planleggings- og tilretteleggingstiltak kan det verta inntil 100 % av godkjend kostnadsoverslag.

§ 5. Søknadsfrist og krav til søknad.

Søknadsfrist:

Det skal nyttast særskilt

søknadsskjema for den einskilde

tilskotsordning. Søknaden sendast til heradet som avgjer om tiltaket får tilskot før tiltaket vert sett i verk og i alle høve før 1. juli.

Utgifter til planlegging kan inngå i tilskotsgrunnlaget.

Kvar søknad skal innehalde:

- fotodokumentasjon
- utgreiing om arbeidet
- kart
- miljøplan der slik ligg føre
- spesifisert kostnadsoverslag frå bygningskunnig (gjeld berre freda og verneverdige bygningar)

Ved fellestiltak skal det liggja ved skriftleg avtale mellom deltakarane om fordeling av kostnader, ansvar og eventuelle vilkår.

§ 6. Vilkår.

Heradet kan når det vert gjeve tilskot, sette vilkår til som er i samsvar med den einskilde tilskotsordnings formål og målsettinga i landbruksplanen.

§ 7. Utbetaling.

Heradet kan utbetala løyvd tilskot etter skriftleg oppmoding frå søkjaren. Det kan betalast ut tilskott når tiltaket er gjennomført. Ved tilskott over kr: 10.000,- kan det gjevast delutbetalingar etter kvart som tiltaket vert utført. Utbetalingane skal vera på grunnlag av kviteringar og/eller timelister over eige arbeid. Minst 10 % av tilskotet vert ikkje utbetalt før prosjektet er fullført. Ved sluttutbetaling skal det leggst ved endeleg godkjent rekneskap og eventuelle timelister over eige arbeid.

§ 8. Tilbakebetaling.

Heradet vil krevje at tilskot vert tilbakebetalt, heilt eller delvis, om tiltaka ikkje er gjennomført i tråd med vilkåra for tilskot.

§ 9. Det er landbruksadministrasjonen i heradet som prioriterer og tilrår søknadene om tilskott. Heradsstyret har avgjerdsmynde, men kan delegere denne til formannskapet eventuelt vidare til rådmannen.

”Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket” (TNMS). Kommunale vilkår for ordninga:

§ 1. Formål:

Tilskotet skal bidra til å fremme utnytting og verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiane vert ivareteke og vidareutvikla.

§ 2. Virkeområde:

TNMS- midlane kan nyttast i heile heradet./eventuelt i kommunane Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Granvin.

Vilkår, tiltaksgrupper og tilskotsnivå.

§ 3. Generelle vilkår:

Det kan gis tilskot til alle skogeigarar som har meir enn 10 dekar produktiv skog.

Det er eit krav at søkjaren overheld lovar og forskrifter.

Tiltak som er i strid med planer eller planvedtak etter plan- og bygningsloven kan ikkje få innvilga tilskot.

Lag for fellestiltak i landbruket kan søkja om tilskot for gjennomføring av tiltak (jfr. § 8)

Ein kan etter denne ordninga søkja om tilskotsmidlar til eingongstiltak.

Frist for gjennomføring av tiltaket er 2 år. Ved sakleg grunngjeve søknad, kan heradet forlenga fristen med inntil 2 år.

Maksimalt tilskot pr. landbrukseigedom er kr. 200.000,- over ein periode på 5 år.

§ 4. Skogkultur

Tilskot kan gjevast til formål som fører til:

Oppbygging av kvalitetsskog.

Ivaretaking av kulturmiljø.

Skjøtsel av kantsoner mot vann, vassdrag og dyrka mark.

Aksjonsretta prosjekt for å auka skogkulturinnsatsen.

Vilkår: Tilskot kan gjevast med inntil 80 % av godkjent kostnadsoverslag. Maksimalt tilskot pr. landbrukseigedom er kr: 200.000,-, over ein periode på 5 år.

Søknadsfrist: Før tiltaket iverksettjast, siste frist i kalenderåret vert 15. november.

Tiltaksmål 2004 til 2007:

Kr: 60.000,- i tilskot i 2004.

Kr: 70.000,- i tilskot i 2005.

Kr: 70.000,- i tilskot i 2006.

Kr: 80.000,- i tilskot i 2007.

§ 5. Tilskot til vegbygging

Det kan gis tilskot til nye eller ombygging av eksisterande vegar når dette bidreg til etablering av heilskapelege løysingar som gir grunnlag for betre utnytting av skogs- og utmarksresursane.

Ein kan ikkje gje tilskot til bygging av vegar som fører til reduksjon av "villmarksprega områder", dvs. områder som ligg meir enn 5 km frå eksisterande tekniske inngrep.

Det er berre vegar som er godkjent etter " forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar" eller etter " Plan og bygningslovens bestemningar", og som vert bygd i samsvar med gjeldande "Normalar for landbruksvegar med byggebeskriving", (M-0677 B), som kan få tilskot.

Vilkår: Tilskot kan gjevast med inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag. Maksimalt tilskot pr. landbrukseigedom er kr: 200.000,-. Tiltaket skal vera prioritert i tiltaksdelen i "hovudplan veg".

Søknadsfrist: Før tiltaket iverksettjast, siste frist i kalenderåret vert 15. november.

Tiltaksmål 2004 til 2007: Viser til prioriteringsliste i Hovudplan veg for Ulvik herad.

Kr: 1.200.000,- i tilskot i 2004.

Kr: 200.000,- i tilskot i 2005.

Kr: 250.000,- i tilskot i 2006.

Kr: 250.000,- i tilskot i 2007.

§ 6. Miljøtiltak i skog

Det kan gis tilskot til dekning av kostnadene ved å gjennomføre skjøtseltiltak for å utvikla miljøkvalitetar, og til dekning av økonomiske tap der miljøkvalitetar krev særleg økonomisk tyngjande miljøtilpassingar ved skogsdrift.

Det kan òg gis tilskott til dekning av tap knytt til langsiktig bevaring av spesielle biotop, der ein krev at skogeigar ikkje avverkar.

Vilkår: Tilskot kan gjevast med inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag.

Taubanedriftar i område der det ikkje er tenleg å byggja veg eller ein ikkje får tilskot sidan bygging vil føra til reduksjon av "villmarksprega område", kan få tilskot.

Banelengder på over 150 meter kan gis tilskot med inntil kr: 1.000,- pr dekar. Frå 75 til 150 meter kan det gis tilskot på inntil kr: 500,- pr dekar. Lågaste nivå for å oppnå tilskot er minst 4 m³ pr. dekar, og satsen er inntil kr: 100,- pr m³. Hogstfeltet skal ha eit samanhengande areal på minst 3 dekar. Kommunal landbrukseining må førehandsgodkjenna feltet før hogst.

Maksimalt tilskot pr. landbrukseigedom er kr: 200.000,-, over ein periode på 5 år.

Søknadsfrist: Før tiltaket iverksettjast, siste frist i kalenderåret vert 15. november.

Tiltaksmål 2004 til 2007:

Kr: 30.000,- i tilskot i 2004.

Kr: 30.000,- i tilskot i 2005.

Kr: 40.000,- i tilskot i 2006.

Kr: 40.000,- i tilskot i 2007.

§ 7. Tilskot til andre tiltak i skogbruket

Det kan gis tilskot til enkelt- og fellestiltak som bidreg til å utvikla skogbruket i heradet, når tiltaket ikkje vert råka av andre etablerte tilskotsordningar som til dømes midlar gjennom "Innovasjon Noreg". Dette kan til dømes gjelda

bioenergiprojekt.

Vilkår: Tilskot kan gjevast med inntil 30 % av godkjent kostnadsoverslag.

Fellesprosjekt kan gis tilskot med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.

Søknadsfrist: Søknad må godkjennast før oppstart, siste frist i kalenderåret vert 15. november.

Tiltaksmaal 2004 til 2007:

Kr: 50.000,-i tilskot kvart år i perioden.

Søknad og sakshandsaming:

§ 8. Krav til søknad.

Det skal nyttast særskilt søknadsskjema for den einskilde tilskotsordning. Søknaden sendast til heradet som avgjer om tiltaket får tilskot. Utgifter til planlegging kan inngå i tilskotsgrunnlaget. Ved fellestiltak skal det liggja ved skriftleg avtale mellom deltakarane om fordeling av kostnader, ansvar og eventuelle vilkår.

§ 9. Vilkår.

Heradet vil setja vilkår for å betala ut tilskot. Dette inneber at søkjar må skriva under på ei kontakt med heradet, der han/hun aksepterer vilkåra som heradet sett.

§ 10. Utbetaling.

Heradet kan utbetala løyvd tilskot etter skriftleg oppfordring frå søkjaren. Det kan betalast ut tilskott når tiltaket er gjennomført. Ved tilskott over kr: 10.000,- kan det gjevast delutbetalingar etter kvart som tiltaket vert utført. Utbetalingane skal vera på grunnlag av kvitteringar og/eller timelister over eige arbeid. Minst 25 % av tilskotet vert ikkje utbetalt før prosjektet er fullført. Ved sluttutbetaling skal det leggast ved endeleg godkjent rekneskap og eventuelle timelister over eige arbeid.

§ 11. Tilbakebetaling.

Heradet vil krevje at tilskot vert tilbakebetalt, heilt eller delvis, om tiltaka ikkje er gjennomført i tråd med vilkåra for tilskot.

Handsaming av søknad

§ 12. Det er landbruksadministrasjonen i heradet som prioriterer og tilrår søknadene om tilskott. Heradsstyret har avgjerdsmynde, men kan delegere denne til formannskapet eventuelt vidare til rådmannen.

Standardvilkår for tilskot til tiltak innan jord og skog i Indre Hardanger.

Denne kontakta skildrar vilkåra for tilskot på kr:, gjeve den 00.00.04, saksnr: Tilskotet er knytt til eigedomen gnr. bnr. i herad.

Fristar for aksept av tilbod.

Innan 4 veker må denne kontrakten akseptrast skriftleg, om ikkje fell løyvinga bort.

Frist for gjennomføring av tiltak og utbetaling av tilskot.

Tiltaket må gjennomførast innan fristen som er sett. Om heradet ikkje har moteke søknad om utbetaling innan denne fristen, vil tilbodet falla bort. Med godt grunngjeve søknad kan fristen forlengjast med maksimalt 2 år.

Atterhald om utbetaling

Tilskotsgjevar kan avkorta det løyvde beløpet, om rekneskapen visar avvik frå godkjent kostnadsoverslag/finansiering.

Tilbodet vil trekkast attende om tilskotsmottakar søkjar gjeldsforhandling, går konkurs eller verksemda opphørar før tilskotet er utbetalt.

Utbetaling.

Tilskot vert utbetalt når det ligg føre skriftleg ønske frå tilskotsmottakar. Om tilskotet er over kr. 30.000,- kan det gjerast delutbetalingar etter kvart vert gjennomført.

For investeringar kan det føretakast delutbetalingar inntil 90 % når tilsvarande del av arbeidet er utført. Sluttutbetaling kan ikkje gjevast før arbeida er fullført i samsvar med godkjende planar, og det er skrive ferdigattest.

Søknad om sluttutbetaling skal innehalda:

Skriftleg skildring av kva som er gjort, og om tiltaket er gjennomført i samsvar med godkjent plan.

Underskive rekneskap.

Timelister over eige arbeid.

Eventuelt bilete av konstruksjonar og tiltak.

Tilbakebetaling

Tilskotsmottakar skal driva den verksemda som ligg til grunn for tilbodet. Om det oppstår tilhøve som er i konflikt med vilkåra for løyvinga, kan ein krevja tilskotet heilt eller delvis tilbakebetalt. Det same gjeld om eigedomen vert seld, eller det av andre grunnar vil virke urimeleg at tilskotet vert ståande. Tilskotsmottakar pliktar å informera kommunen om slike tilhøve. Spørsmål om endring av planane skal avklarast skriftleg med tilskotsgjevar.

Ein kan krevja tilbakebetaling av tilskot, når ein vert gjort oppmerksom på tilhøve som er i samsvar med kriteria for heil eller delvis tilbakebetaling. Krav om tilbakebetaling kan ikkje gjerast seinare enn 5 år etter utbetaling.

Motrekning

Kran om tilbakebetaling jf. punkt 5, kan motreknast i i produksjonstilskot eller andre tilskot som mottakaren eller ektefelle/sambuar har krav på og som gjeld same landbrukseigedom.

Vilkår ved overdraging av eigedom

Tilskotsmottakar forpliktar seg å informera ny eigar av eigedomen om eventuelle tilskot til eigedomen, og reglane for dette. Slik informering skal gis om eigedomen eller delar av eigedomen vert overdrege dei første 5 åra etter at tilskotet er utbetalt.

Oppfølging og kontroll

Kommunen har rett til innsyn i, og kunden har opplysningsplikt i spørsmål som gjeld tiltaket. Revisjonen har rett til innsyn og har løyve til å iverksetja kontroll med at tilskot vert nytta etter sette vilkår. Kommunen kan gje pålegg om tilleggsarbeid og utbetringar.

EØS-avtalen

Tildeling gjeve etter reglane om "bagatellmessig støtte". Utbetaling av tilskot kan krevjast tilbakebetalt om ein finn at dette er i konflikt i høve til reglane i EØS-avtalen.

Ulvik, 03.02.04

Eg/vi er kjent med kommunen sine vilkår for tilskot gjeve innan jord og skogbruk, og godtar desse.

Stad/dato Tilskotsmottakar(ane) sin(e) underskrift(ar)

Org.nr./Fødselsnr.